

Klage – mogleg ulovleg tiltak i strandsona på gbnr. 195/43 Alver kommune

Tiltaket ligg i Fløsvikja, som er ein fin plass å bade for ålmenta. Badeplassen er ikkje stor, men dette er ein av dei få badeplassane i Leiknesområdet. Den er soleis av relativ stor verdi for friluftsliv i området. Dei seinare åra har arealet sør aust for fritidsbustaden på gbnr. 195/43 i stadig større grad vorte privatisert, mellom anna mellom anna oppføring av opphøgde terrasser. På arealet nærast til sjø har ein opparbeida, lagt kunstgras og satt ut møblar, leikar mv., noko som gjer det svært ubehageleg å nytte stranda, då ein kjenner sterkt på at dette er privat område. Dette gjeld sjølv om ein oppheld seg på den andre delen av strand som tilhøyrar gbnr. 195/2. Det synast også å vere ein «uskriven regel» at ein må be eigar om å få bade på området, noko vi har høyrte både frå barnehage og naboar.

Arealet er i kommuneplanen sett av til fritidsbustader, men det er sett byggjegrænse til sjø på staden. Tiltaket ligg i byggeforbodssona til sjø.



Kommuneplan med byggjegrænse til sjø (grå stipla linje)

Flyfoto (tiltak i gult)

Flyfoto 2015:



Flyfoto 2018:



Den oppførte konstruksjonen er eit tiltak jf. pbl § 1-6. Tiltaket ligg i byggeforbodssona for tiltak langs sjø, jamfør byggegrense i kommuneplanen (pbl 1-8 tredje ledd). Vi har ikkje gått igjennom kommunens arkiver for å sjekke om det er gitt løyve til dette tiltaket gjennom plan eller dispensasjon. Dersom kommunen ikkje har gjeve løyve til tiltaket er det ulovleg oppført, og i strid med kommuneplan og pbl. 1-8.

Tiltaket verker sterkt privatiserande i strandsona, og fører til at folk ikkje våger og synast det er ubehageleg å nytte badeplassen. Badeplassen er difor for tida lite nytta. Vi ber difor Alver kommune om å undersøke saken og følgje opp dersom tiltaket eventuelt er ulovleg. Kommunen er pliktig til å følgje opp ulovlege tiltak jamfør pbl. § 32-1. Vi ynskjer å vere anonym for å sleppe belastninga i nabolaget.

Vedlagt er bilete av tiltaket:



